

Saksprotokoll i fylkestinget - 12.-13.06.2019

Roald Kvamme (A) sette fram slikt forslag til fråsegn til Kommunal – og beredskapsdepartementet, Kommunalministeren, Hordalandsbenken og Finansdepartementet.

«Stortinget må sikra eit nytt og betre inntektssystem for fylkeskommunane

Fylkestinget oppmoda stortinget til å gjera endringar i regjeringa sitt framlegg til nytt inntektssystem for fylka slik at ein kan sikra gode og framtidsretta tenester for innbyggjarane og næringslivet.

Fylkestinget konstatera at departementet sitt forslag til nytt inntektssystem på ingen måte tek opp i seg verknadene av det miljøvenlege teknologiskiftet som no pågår, særleg innanfor ferje- og snøggbåtsektoren. Det er heller ikkje teke omsyn til det store vedlikehaldsetterslepet på fylkesvegnettet som for Vestland er anslått til om lag 13 milliardar kr. Ulike topografiske tilhøve er ikkje vektlagt i departementet sitt forslag, med tanke på at statlege tilskot til rassikring skal inngå i inntektssystemet frå 2020. Vestland fylkeskommune vil ha store behov for rassikring i høve til andre deler av landet.

Hordaland er eit føregangsfylke og har gjort vedtak om at alle dei 17 fylkesvegferjene skal drivast elektrisk innan 2020. I det nye Vestland fylke vil dei samla salderingsutfordringane på drifta vera på mellom 350-400 MNOK. kr. Av dette er driftskostnadane på ferje 300 millionar kr. Investeringskostnadane på landsida for ferjene er anslått til 670 millionar kr og det er innvilga tilskot frå ENOVA på 270 millionar kr.

Stortinget må sikra kompensasjon for Vestland fylkeskommune sine auka kostnader knytt til regjeringa og stortinget sine krav om bruk av null- og lågutsleppsteknologi i nye ferjekontrakter.

Fylkestinget kan heller ikkje sjå at dei nye oppgåvene som vert overført til fylkeskommunane frå 2020 er finansierte fullt ut ved overføringa. Så langt har ein merka seg at dette ikkje er tilfelle for det som gjeld overføring av sams vegadministrasjon og for dei statlege fiskerihamnene.

Regjeringa sitt forslag til inntektssopplegget for fylkeskommunane i 2020 vil gje ein maksimal realvekst på 100 millionar kroner, og i verste fall en reell reduksjon i fylkeskommunane sine inntekter på 200 millionar kroner. Samtidig slår regjeringa fast at når det gjelder ei av dei største oppgåveoverføringane frå staten til fylkeskommunane, administrasjon av fylkesvegane, skal fylkeskommunane kun få pengar for dei tilsette som faktisk flyttar over frå Statens vegvesen til fylkeskommunane, ikkje for de årsverka som i dag står for denne administrasjonen hos Statens vegvesen.

Fylkestinget vil vidare peika på at regjeringa fleire år på rad har redusert overføringane til regional utvikling, samstundes som regjeringa i innleiinga til kommuneproposisjonen slår fast at fylkeskommunane si rolle som regional utviklingsaktør vert styrka som følge av regionreforma.

Det er ikkje tilstrekkeleg å vedta ei reform, det må også løyvast pengar til å løysa nye oppgåver dersom ein skal nå felles målsettingar om vekst og utvikling.»

Røysting

Det var 54 representantar til stades.

Kvamme sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

«Stortinget må sikra eit nytt og betre inntektssystem for fylkeskommunane

Fylkestinget oppmoda stortinget til å gjera endringar i regjeringa sitt framlegg til nytt inntektssystem for fylka slik at ein kan sikra gode og framtidsretta tenester for innbyggjarane og næringslivet.

Fylkestinget konstatera at departementet sitt forslag til nytt inntektssystem på ingen måte tek opp i seg verknadene av det miljøvenlege teknologiskiftet som no pågår, særleg innanfor ferje- og snøggbåtsektoren. Det er heller ikkje teke omsyn til det store vedlikehaldsetterslepet på fylkesvegnettet som for Vestland er anslått til om lag 13 milliardar kr. Ulike topografiske tilhøve er ikkje vektlagt i departementet sitt forslag, med tanke på at statlege tilskot til rassikring skal inngå i inntektssystemet frå 2020. Vestland fylkeskommune vil ha store behov for rassikring i høve til andre deler av landet.

Hordaland er eit føregangsfylke og har gjort vedtak om at alle dei 17 fylkesvegferjene skal drivast elektrisk innan 2020. I det nye Vestland fylke vil dei samla salderingsutfordringane på drifta vera på mellom 350-400 MNOK. kr. Av dette er driftskostnadane på ferje 300 millionar kr. Investeringskostnadane på landsida for ferjene er anslått til 670 millionar kr og det er innvilga tilskot frå ENOVA på 270 millionar kr.

Stortinget må sikra kompensasjon for Vestland fylkeskommune sine auka kostnader knytt til regjeringa og stortinget sine krav om bruk av null- og lågutsleppsteknologi i nye ferjekontrakter.

Fylkestinget kan heller ikkje sjå at dei nye oppgåvene som vert overført til fylkeskommunane frå 2020 er finansierte fullt ut ved overføringa. Så langt har ein merka seg at dette ikkje er tilfelle for det som gjeld overføring av sams vegadministrasjon og for dei statlege fiskerihamnene.

Regjeringa sitt forslag til inntektsopplegget for fylkeskommunane i 2020 vil gje ein maksimal realvekst på 100 millionar kroner, og i verste fall en reell reduksjon i fylkeskommunane sine inntekter på 200 millionar kroner. Samtidig slår regjeringa fast at når det gjelder ei av dei største oppgåveoverføringane frå staten til fylkeskommunane, administrasjon av fylkesvegane, skal fylkeskommunane kun få pengar for dei tilsette som faktisk flyttar over frå Statens vegvesen til fylkeskommunane, ikkje for de årsverka som i dag står for denne administrasjonen hos Statens vegvesen.

Fylkestinget vil vidare peika på at regjeringa fleire år på rad har redusert overføringane til regional utvikling, samstundes som regjeringa i innleiinga til kommuneproposisjonen slår fast at fylkeskommunane si rolle som regional utviklingsaktør vert styrka som følge av regionreforma.

Det er ikkje tilstrekkeleg å vedta ei reform, det må også løyvast pengar til å løysa nye oppgåver dersom ein skal nå felles målsettingar om vekst og utvikling.»